



Rovviltnemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltnemnda
Adresseliste

Dykker ref:

Vår ref.:
2020/12934

Arkivnr.:

Dato:
27.08.2020

Lisensjakt jerv og ulv 2020 - 2021. Vedtak 27.08.2020.

Til stades frå nemnda: Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik, Sigbjørn Framnes. Ole Ueland, varamedlem frå Rogaland, deltok for Hanne Marte Vatnaland. Beate Marie Johnsen frå Agder hadde forfall.

Saksframlegg ligg i protokollen frå møtet.

Sak 04/20: Lisensfelling av jerv og ulv.

Lisensfelling jerv 2020 – 2021. Samråystes vedteke.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2020 – 15.02.2021. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdaterert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde straks til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Aleksander Øren Heen
Naddvik, 6885 Årdalstangen
Telefon: 91134842

Aleksander.Heen@vlfk.no
<http://www.fylkesmannen.no/vl>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

Rovviltnemnda region 1
<https://prosjekt.fylkesmannen.no/Rovviltnemnda-region-1/>

- *Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*

- *Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.*

- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*

- *Fylkesmennene administrerer lisensfellinga*

Sak 04/20: Lisensfelling av jerv og ulv.

Lisensfelling ulv 2020 – 2021. Samrøystes vedteke med endring i tekst under pkt. 1, første setning.

1. *Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i den perioden som er vedteke i forskrift om endring av forskrift om forvaltning av rovvilt 07.03.2019 .*

Til saman kan det fellast 3 ulvar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. *Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

- *Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.*

- *Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, Statens naturoppsyn og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*

- *Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*

-Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

-Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klaga skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Aleksander Øren Heen
leiar for rovviltnemnda for region 1
Tlf. 91134842

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i Region 1
Foreningen våre rovdyr
WWF Norge
Norges Miljøvernforbund
NOAH- for dyrs rettigheter
Statens Naturopsyn Hordaland og Sogn og Fjordane
Statens Naturopsyn Rogaland og Vest-Agder
Rovviltnemnda region 1
Fylkesmennene i Region 1
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet region sør og vest
Sogn og Fjordane Bondelag
Sogn og Fjordane sau- og geit
Vest-Agder sau- og geit
Agder Bondelag
Rogaland sau- og geit
Rogaland Bondelag
Hordaland sau- og geit
Hordland Bondelag
Rovviltnemnda region 2
Rovviltnemnda region 3